



Tingvoll, 4.11.2024

Møre og Romsdal fylkeskommune


post@mrfylke.no

SPØRSMÅL OM RUTINAR KNYTT TIL UTBETRING AV VEG 6130 HOLMEIDSTRANDA

Dei siste vekene har det vore noko arbeid med fylkesveg 6130 i Tingvoll kommune for å auke bereevna. Vi har sett det har vore gjort arbeid i vegbanen, og på ei kortare strekning i veggrøfta på innsida. Dei siste dagane har vi sett at påført masse også renn utanfor sjølve vegarealet.



På denne strekninga er det i Naturbase registrert ein lokalitet BN00075806 Holmeide Oppistua, beitemark med A-verdi, som også er raudlista og truga naturtype. Vidare er det ein god del registreringar av artar langs vegen og til dels ganske tett på vegkanten, kring 20 funn med raudlista artar. I alle fall nokre av artane kan bli påverka av arbeidet med vegen.



Frå Artskart 31.10.2024

I tillegg finst i alle fall eit spesielt funn som kan vere litt vanskelegare, sidan det er litt uvisst kva art det er tale om. Vi har fått vite dette om funnet:

Det som på nåværende kart ikke kommer fram (men det gjorde det nok seinest i sommer) er et funn av det som inntil nylig var antatt å være den sterkt truede arten krattnarrevokssopp, som nå har fått et gruslag over seg (slekta den tilhører er under en omfattende revisjon, og dette funnet har blitt gensekvensert og er inntil videre en ubeskrevet art).

Vi har difor nokre spørsmål om kva rutinar vegeigar har knytt til det arbeidet som er gjort her, og slikt arbeid generelt.

1. Kva typar vedlikehaldsarbeid reknar de med løyser ut aktsemdsplikta jf. naturmangfaldlova § 6 til å undersøke nærare kva natur som kan bli påverka av tiltaket?
2. Kontrollerer de med Naturbase og Artskart om det er registreringar innanfor ein viss avstand?
3. Gjer de vurderingar av om kartlegginga er god nok på ein aktuell strekning, eller om det må supplerast med kartlegging?
4. Når de no har fått vite at ein sjeldan art er direkte påverka av vedlikehaldet, vil de no setje i gang tiltak for, om mogleg å minimere skaden i håp om at arten kan bergast?

I tillegg til raudlista artar og naturtypar er det også eit tema om framandartar som må vere med.

5. Har de kartlagt framandartar langs den aktuelle vegstrekninga?
6. Dei massane som blir køyrt vekk, blir dei levert til godkjent mottak? Til kven?
7. Har leverandøren dykkar av pukkstein og anna masse dokumentert at det ikkje følgjer med framande artar som er skadelege?
8. Har de sett krav til entreprenør når det gjeld reinhald av maskinar for å unngå spreiding av framande artar?

Viss nokre av desse punkta tar litt tid å svare ut, sett vi pris på å få eit delvis svar i mellomtida. Vi viser elles til miljøinformasjonslova.

Med helsing

Øystein Folden
leiar